



**Det regnar og bles og regnar og bles.
Men kor mykje regnar det egentleg?
Sidan starten på denne månaden og til skrivande stund
har det regna 270 millimeter. Veret er totalt forskjellig
frå desember i fjor, då det var snø og kaldt og kom
40 millimeter i heile månaden**

Det har ikkje vore nokon stor regnversdag i desember, det har regna jamt og trutt, melder observatør Kurt Haugland på Korsnes, som gjev oss desse tala. Og førebels er berre halve månaden unnagjort!

Jorda tek no til å bli metta både her og der og nye sjøar og bekker dukkar opp. Men biletet er av ein ordinær bekk på Døsslandsido, nærare bestemt ved Djupehølen.

Foto: Ola Matti Mathisen